



Etter eit lite opphald i Rotterdam undervegs frå Tyrkia kom skroget som havarete i Bosporus for snart eitt år sidan fram til Uskedalen i dag søndag. Dette slepet har med andre ord gått greitt.

Skroget vart fortøydd ved Børnes-kaia og skal liggja der til Eidsvik er ferdig med den andre supplybåten som no er under arbeid og som kom til Uskedalen i april.

Denne supplybåten er lik den første og er nær 90 meter lang. Opphavelag skulle han vore på plass ved verftet allereie i juni i fjor.

Denne båten blir byggjenummer 75 ved det tradisjonsrike verftet.

(Foto: Ola Matti Mathisen)